

Varsel om dokumentkontroll etter søknad om produksjonstilskot i jordbruket 2017 og 2018 for Føretaket Ove Herland 969478676

Lindås kommune visar til føretaket Ove Herland sin søknad om produksjonstilskot i jordbruket i oktober 2018, andre søknadsomgang.

I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2018-13, punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, **og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.**

Kontrollen skal gjennomførast som dokumentkontroll. Då bed me om at de sender inn kopi av naudsynte dokument til kommunen for kontroll.

Kontrollen vil omhandle:

- Dokumentasjon for sal av fôr i perioden 1.juli 2017 – 30.juni 2018

Bed om at naudsynt dokumentasjon vert sendt pr post til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø eller på epost til postmottak@lindas.kommune.no innan fredag 4.januar 2019.

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Me bed om stadfesting av at de har motteke denne varslinga om kontroll.

Ved spørsmål til kontrollen, kan de kontakte underteikna.

Med helsing

Øystein H. Kolstad
Rådgjevar Landbruk